

Per Gudmund Bøe
Bølandsvegen 149
6643 BØFJORDEN

14.09.25

Surnadal kommune

HØRINGSINNSPEL TIL SAKA OM VURDERINGAR RUNDT MOGLEGE INNSPARINGAR I OPPVEKSTSEKTOREN

Med dette vil eg uttrykkje sterk bekymring for framlagde forslag om innsparingar med å legge ned skular og barnehagar. Slike endringar no vil kunne vere sterkt negativt for framtidig rekruttering og vilje til satsing i næringslivet i grendene.

Sjølv driv eg mjølkeproduksjon. Av all mjølk produsert i Surnadal kommune, så blir omlag 1/3 produsert i området til tidlegare Åsskard kommune, som soknar til Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter.

Mange unge brukarar har her bygd ut med nye fjøs og har familie med born. Det vil vere vanskeleg å tilrå neste generasjon å satse på gardsdrifta dersom tilbodet om barnehage og skule i grenda fell bort, det vil bli vanskeleg å få kvardagen med born til å gå opp med fjøsstell og lange arbeidsdagar i gardsdrifta.

Endringar som er foreslått i høyringsdokumentet frå Surnadal kommune vil etter mi meining sterkt kunne påverke lysten ungdomar i kommunen kan ha til å busetje seg og satse i kommunen i framtida. Med redusert aktivitet i primærnæring i grendene, vil Surnadal kommune tape mykje i høve til å vere attraktiv for busetjing.

Per Gudmund Bøe